


Til offentlege og private høyringsinstansar og berørte partar

Dato : 05.03.2025

Varsel om oppstart for detaljregulering for Sigdestadneset planID 202402. Bremanger kommune

I medhald av plan- og bygningslova (pbl.) § 12-8 vert det varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for Sigdestadneset gbnr. 116/2, 116/3, 116/4, 116/5, 116/24, 116/25, 116/30, 116/38 og 116/44 i Bremanger kommune. PlanID 202402. Planen vil utarbeidast som ein detaljreguleringsplan. Jf. pbl. § 12-3.



Figur 1. Ovrtsiktskart syner plasseringa av planområdet med raud nål.

Tiltakshavar

SFE produksjon AS v/ Arild Bruland.

Plankonsulent

Nordplan as avd. Nordfjord.

Bakgrunn og føremål

SFE produksjon AS ynskjer å utarbeide ein detaljreguleringsplan for sin eigedom på Sigdestadneset i Bremanger kommune. Planområdet framstår i dag som eit skogsområde med strandsone utan større inngrep. I planområdet ligg det i dag ein einebustad med eit garasjeuthus/anneks og tilhøyrande naust nede ved fjorden ved Mortekråna samt tre fritidsbustader og to naust i nord-vest. Planområdet omfattar og noko dyrka mark i nord-vest. Området er i dag eit mykje brukt friluftsområde, spesielt av Ålfoten oppvekstsenter som ligg mellom planområdet og Ålfotvegen.

Hovudføremålet med reguleringsplanarbeidet er å legge til rette for bubilparkering, fritidsbustader og båthamn med tilkomstveg og parkering. Det er og planlagt ein turstig frå bubilparkeringa til båthamna, langsmed fjorden.

Planavgrensing

Planområdet som det no vert varsla oppstart om er noko utvida samanlikna med kva som er skissert i planinitiativet (Figur 2). Planavgrensinga er avgrensa i fjorden i aust, i sør følgjer plangrensa avgrensinga til eksisterande plan og i vest eigedomsgrensa til SFE. I nord-vest er plangrensa utvida til å omfatte fritidsbustadene som ligg mellom skogen og den dyrka marka her, samt deler av den dyrka marka. I Sigdestadvika i nord er og planområdet utvida til å omfatta to naust, i tillegg til noko areal i fjorden.

Planarbeidet vert varsla med følgjande avgrensing:



Figur 2. Planavgrensing synt med raud linje. Blå linje viser opprinneleg plangrense slik den vart skissert i planinitiativet. (Nordplan as).


Angående endringa i planavgrensinga er dette opplyst om til grunneigarar, Ålfoten Grendelag og andre interessentar. SFE V/ Arild Bruland hadde eit informasjonsmøte med Ålfoten Grendautval den 22. januar der ny plangrense vart presentert. Grunneigarar og naboar vart informerte i eigen e-post sendt den 10. februar. Det har ikkje kome innspel angående endra plangrense. Endra planavgrensing er og avklart med kommunen.

Planstatus

Foreslått planområde er omfatta av følgjande planar:


- Kommuneplanens arealdel (planID 201804, 2024).
- Reguleringsplan for Sigdestadneset (planID 2002.02, 2002).

I kommuneplanen sin arealdel er store deler av planområdet satt av til fritidsbustader (oransje farge, Figur 3). Bremanger kommune vedtok kommuneplanens arealdel 15.10.2024, der store delar av området er avsett som båndleggingszone H710_3 Sigdestadneset, reguleringsendring hyttefelt/camping. Området følger i grove trekk den tidlegare reguleringsplanen for Sigdestadneset, med krav om ny reguleringsplan.



Figur 3. Utsnitt av kommuneplanens arealdel. (kommunekart).

Dagens reguleringsplan for Sigdestadneset er frå 2002 (Figur 4). Planen legg opp til småbåthavn (grått felt S), hytter for utleige og private hytter (oransje felt H1-H6), naust (grått felt N), rorbuer (oransje felt R) og tilknytt veg.



Figur 4. Utsnitt av plankart for gjeldende reguleringsplan for Sigdestadneset. (Kommunekart).

Førebels risiko- og sårbarhetsvurdering

Førebels risiko- og sårbarhetsvurdering peiker på følgande tema som relevante for det vidare planarbeidet:

- Kvikkleire: planområdet ligg innanfor potensielt fareområde for kvikkleire.
- Brann: tilgang på sløkkevatn og framkommelegheit for utrykkingskøyretøy.
- Flaum: Deler av planområdet ligg innanfor aksemdssona for flaum.
- Havnivåstigning: Vannstanden for sikkerheitsklasse 2 er berekna til 222 cm. Planområdet går frå fjorden (0 moh) og opp mot ca. 25 moh.
- Tsunami/ oppdemming: Deler av planområdet ligg innanfor potensiell faresone for tsunami eller oppdemming,
- Vassforsyning.
- Avlaupssystem: Kart over eventuelle avlaupssystem innhentast. Løysingar for handtering av spillvatn skal vurderast gjennom utarbeiding av VAAO rammeplan.
- Overvassanlegg: Aktuelle løysingar skal vurderast i det vidare planarbeidet gjennom utarbeiding av VAO rammeplan.

Krav om konsekvensutgreiing

Det er vurdert at planen ikkje er omfatta av §§ 6, 7 eller 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar (06/2017) (KU-forskrifta), og planen løyser dermed ikkje ut kravet om konsekvensutgreiing.

Medverknad

Oppstart av planarbeidet blir kunngjort i avisa Fjordenes Tidende Torsdag 6 mars. Varslingsbrev blir sendt til aktuelle partar og offentlege instansar. Varslinga og ytterlegare informasjon om planen vert tilgjengeleg på Bremanger kommune og Nordplan sine nettsider.

Innspel til planarbeidet skal vere skriftlege og kan sendast på følgjande måtar:

- på e-post til post@nordplan.no,
- ved brev til Nordplan AS avdeling Nordfjord v/Martin Sørland Barlla Eidskata 45, Postb 224, 6771 Nordfjordeid

Frist for innspel er sett til fredag 4. april 2025.

Kontaktperson for planarbeidet er

Martin Sørland Barlla
msb@nordplan.no
tlf: 960 42 771

Vidare saksgang

Når fristen for å kome med innspel har gått ut, vil det bli utarbeidd eit komplett planforslag. Dette blir sendt til Bremanger kommune for sakshandsaming. Alle skriftlege innspel vil bli dokumentert, kommentert og vurdert i planarbeidet.

Etter første gongs handsaming i kommunen vil planforslaget bli lagt ut til offentleg ettersyn. Råka partar og offentlege instansar blir varsla skriftleg, samt at det blir kunngjort avisa Fjordenes Tidende og lagt ut på kommunen si nettside. Det vert på nytt anledning til å kome med innspel/merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med helsing
for Nordplan AS

Martin S Barlla

Martin Sørland Barlla
Arealplanleggar